



Meland kommune
Kommunalavd. for natur, næring og tekniske tenester
Postboks 79
5906 FREKHAUG

MELAND KOMMUNE	
Komm. meland. natur, næring og tekniske tenester	
24 NOV. 2009	
J.nr. 09/14703	
Ark. 29/12	Saksid. 09/2289-9

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200910672-2/713.T04/AMBREI

Dykkar ref.:
09/2289

Bergen, 16. november 2009

Langeland gnr 24 - 12 - Frådeling av parsell med påståande våningshus og låve - Meland kommune - Kulturminnefagleg innspel

Vi viser til Dykkar brev av 23.10.09 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune for tida handsamar dispensasjonssaker berre med omsyn til interesser innan kulturminnevernet, og føreset at kommunen sjølv vurderer andre sider av saka.

Saka gjeld frådeling av parsell med våningshus og låve. Både lòa (SEFRAK ID-nr 12560205134) og våningshuset (SEFRAK-nr 12560205133) er verneverdige. Dei er baa frå første kvartal av 1900-talet, og er historieforteljande element som bør takast vare på.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein tek vare på dei to verneverdige bygningane, og søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelt andre kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom det i samband med tiltaket skulle koma fram automatisk freda kulturminne, jf. kulturminneloven § 8, 2.ledd.

Venleg helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Ambjørg Reinsnos
Ambjørg Reinsnos
arkeolog